

Reglement for eldrerådet i Stranda kommune

1. Heimel og føremål

Oppretting av eit eldreråd er heimla i kommunelova § 5-12 samt forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personar med funksjonsnedsetting og ungdom (forskrift om medvirkningsordningar).

Rådet skal arbeide etter prinsippet om full deltaking og likestilling av eldre i samfunnet. Rådet skal vere eit samarbeids- og rådgjevande organ for kommunen i alle saker som gjeld eldre sine behov og interesser. Rådet ligg utanfor den kommunale utvalsstrukturen.

2. Val og samansetting

Rådet skal ha 5 faste medlemar med varamedlemar.

Eit medlem med varamedlemar vald frå formannskap/kommunestyret.

Eit medlem med varamedlem vald frå helse, oppvekst og kulturutvalet

Tre medlemar skal vere representantar frå dei eldre.

Rådet velg sjølv leiar og nestleiar blant medlemane, jf. forskrift om medvirkningsordningar.

Rådet si funksjonstid følgjer den kommunale valperioden.

3. Møte

Rådet skal ha møte etter fast oppsett møteplan.

Rådet kan gjere vedtak når minst halvparten av medlemane er til stades.

Rådet er administrativt tilknytt kommunen sitt servicekontor og rådmannen peikar ut fast sekretær i rådet.

Leiar og sekretær har ansvar for innkalling og sekretæren har ansvar for å føre protokoll

4. Møtebok

Rådet skal føre møtebok

Tid og stad for møtet

Kven som møtte

Kven som meldte forfall

Kven som møtte som vara

Kva saker som vart behandla

Kva vedtak som vart fatta, framlegg som vart fremma og trekt

Avrøystingsresultat

Deltakarar frå administrasjonen (rådmann, sekretariat, sakshandsamarar m.m.)

Møteprotokollen vert godkjend i møte og sendt ut på e-post.

5. Arbeidsområde

Rådet er eit rådgjevande organ for kommunen og har rett til å uttale seg om saker som gjeld levekår for eldre i kommunen.

Saker som gjeld dei eldre skal leggjast fram for rådet på eit så tidleg tidspunkt i

saksbehandlinga at rådet skal ha moglegheit til å påverke utfallet av saka, jf. forskrifta § 2, 3. ledd.

Rådet kan på eige initiativ ta opp saker som har med dei eldre sine leverkår å gjere.

Rådet skal ikkje behandle saker som gjeld enkeltpersonar.

Uttale frå rådet skal følgje saksdokumenta til det kommunale organet som tek endeleg avgjerd i saka.

6. Arbeidsoppgåver

Eldrerådet sine arbeidsoppgåver kan m.a. vere:

Årsbudsjett og økonomiplan

Tiltak og planar i helse- og omsorgssektoren

Kommuneplan

Kommunal planlegging

Saker om samferdsel og infrastruktur/kommunikasjon

7. Årsmelding

Rådet utarbeider kvart år ei melding om sitt arbeid til kommunestyret.

8. Teieplikt

Eldrerådet er eit forvaltningsorgan i forhold til forvaltningslova. Rådet sine medlemmar har difor teieplikt etter forvaltningslova.